

# Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr.4 februar 2009



**Legg deg i startblokka.** Klokk 15.00 i dag opnar billettsalet for ekstrakonserten til Elisabeth Andreassen og Alexander Rybak. Som dei fleste sikkert har fått med seg vert den i Velledalen grendahus laurdag 7.mars klokka 17.00. Hugs at 300 billetter delt på Joker Velledalen, Bankplassen og Esso Stranda ikkje er all verda, så legg deg i startblokka alt no. Joker Velledalen har ope til 18.00.

**Gratulerer til dugnadsgjeng.** DiS gratulerer dugnadsgjengen ved kulturhuset Vårvon i Straumgjerde som nyleg fekk Sykkylven kommune sin kulturpris for 2008. Vel fortent etter imponerende innsats gjennom mange år. Svein Flaate tok mot prisen på vegne av gratisarbeidarane.

**Går mot vår.** Vinterpausa ved Holmbergs gartneri er over. Per Gunnar Holmberg melder til DiS at dei fyrste plantene er på plass. Nærare bestemt 6000 margerittar og 1000 betlehemsklokker.

**Fjellhugtur.** Sondag 1.mars vil natur-og friluftslaget Fjellhug til Lianibba. Dette er ein middels krevjande tur. Frammøte ved Velledalen grendahus klokka 10.00. For meir opplysningar ta kontakt med turleiarane Kjell Kursetgjerde (906 35 243) og Lars Peter Dahle (992 64 813)

**Årsmøtetid.** Vi minner om årsmøta i Velledalen grendahus og Velledalen ungdomslag. Datoane er måndag 2.mars for grendahuset sin del og 3. mars for ungdomslaget

**Gløym ikkje helselaget.** Dei slit med dårleg rekruttering og skal ha sin årlege basar i Velledalen grendahus fredag 13. mars. Leiar Turid Bøkestad Fet har tidlegare kome med eit aldri så lite hjartesukk om vinstar til basaren. Vi seier det igjen; gløym ikkje helselaget!!

**Velledalen IL satsar internasjonalt.** Jan Rinseth er Velledalen IL sin einaste hoppar, og skal i nær framtid delta i veteran-VM i hopp i Rupolding i Tyskland. I skrivande stund er Stian Mork og Kristian Moe på veg til Sverige der dei i helga går det 89 km lange Vasaloppet frå Sälen til Mora. Her jaktar dei på Svein Arne Nakken sin VIL-rekord på distansen som lyder på 5.24.42. Også Svein er påmeld, men ein fingerskade gjer at han må stå over denne gongen.

**Sogelaget i Velledalen ti år.** Treng vi eit sogelag i Velledalen..? Slik vart det spurt før skipinga i 1999. Svaret vart eit rungande JA, og vi kan vere stolte av det laget har utrette dessa ti åra.

Veldreve og aktivitetsskapande.

Av årsmeldinga for 2008 går det fram at laget har 32 medlemar, det er halde seks styremøte, det er arrangert fem sogekveldar med eit snittframmøte på 43 personar. Gunnar Velle held fram som leiar, no på sjetten året. Med seg styret får han Kjetil Kvammen, Kjetil Pål Brunstad, Magnhild Hole og Anna Lisa Drabløs. Jan Ove Skogvold vert 1.vara, Jostein Drabløs 2.vara. Gunnar Velle melder til DiS at programmet for sogekveldane i fyrste halvår alt er sikra



(Datoane er 31.mars og 28.april). Men laget tek meir enn gjerne mot tips om emne det kan bli programinnslag av.

**Fyrst med det meste.** Les [www.velledalen.net](http://www.velledalen.net). Denne nettstaden er fyrst ute med det meste frå Velledalen. Målet er å bli: Fyrst med alt frå Velledalen. Og det greier vi òg om velledalingane og folk med interesser i dalen melder inn stoff, sender inn foto, tips, kort sagt; tek kontakt. Og vi set stor pris på at utflytte velledalingar gir lyd frå seg. Fleire har alt gjort det, men enno manglar vi mange e-postadresser til dalingar på ”avvegar”.

**Sterke i Alperittet.** To halve velledalingar imponerte under Alperittet på Stranda sist helg. Eivind Fet (son av Einar Fet) kom på delt fyrsteplass i open klasse (61 deltakarar). I same klasse kom Jens Fredrik Langlo (son til Anna Lisa Drabløs) på fjerdeplass. (les meir på [www.velledalen.net](http://www.velledalen.net))



Har vore litt snakk om ”heile” og ”halve” velledalingar siste tida. Mannen t.v heiter Tarjei Korsbrekke og er korkje heil eller halv velledaling, men Eivind Fet - med far frå Velledalen - er det vi kallar ”halv”, så kjem ei Petter André Aursnes og til høgre Jens Fredrik Langlo. Jens har mor frå Velledalen (Anna Lisa Drabløs), difor ”halv”. Uansett ”heile eller halve”: Flotte gutar alle saman!



Bente Hole i farta. Her er ho nesten i mål i den 6200 meter lange løypa med eit fall på vel 1200 meter. Eigentleg er ho også ”halv”, med far frå Velledalen og mor frå Stranda. Mange av oss er ”halve”.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.